



FLEIRE ROLLER: Fylkesutvalet har både konsesjonsinteresser og indirekte eigarinteresser i Statkraft sitt engasjement i Jostedalen, men ved dette høvet, i fylkesutvalsmøte sist torsdag, var fylkespolitikarane høyringsinstans.

Haustar stort på statkraftplanane

■■ Konsesjonskraft ■■ Medeigarskap ■■ Ja til inntektene

LEIKANGER:
Kraftproduksjonen i Luster medverkar i monaleg grad til å halda fylkeskommunen gåande.

Sogn og Fjordane fylkeskommune hentar lett over 40 millionar kroner i vinst på konsesjonskrafta Luster løyver. Den same fylkeskommunen får endå ein slump konsesjonsinntekter om Statkraft får grønt lys for Vestsiddeelvane i Jostedalen.

Tok inn att

Før helga sa eit fleirtal i fylkesutvalet ja til alle dei nye inntektene som den konsesjonssøkte utbyggjinga vil tilføra den fylkeskommunale kassen.

Fylkesvaraordførar Jenny Følling førde ordet på vegner av koalisjonen Sp/Ap. Dei to partia manøvrerte inn att dei to inntaka i Krundalen, Røykjedøla og Tverrdøla, som fylkesrådmannen rådde til å ta ut.

Lønsemda

I Jenny Følling sin argumentasjon for at dei åtte konsesjonssøkte vestsiddeelvane bør forbli åtte, og ikkje seks, var det referert til Statkraft si otte for den totale lønsemda

i utbyggjinga. Statkraft har understreka at statsaksjeselskapet må ha hand om alle åtte elvane om dei skal ha utsikter til å koma i land med ei lønsam utbyggjing.

Miljøomsyn

Fylkeskommunen er frå før medeigar i Statkraft si verksemd med basis i Leirdalen i Jostedalen. Den same fylkeskommunen må difor, til liks med Statkraft, imøtesjå reduserte inntekter om vestsiddeutbyggjinga vert avkorta av miljøomsyn.

Fylkeskommunen får inntekter på to måtar gjennom Statkraft sitt auka engasjement på Vestsida og i Leirdalen. For det første dryssar det nye konsesjonsmillionar gjennom Statkraft si planlagde tapping av elvane på vestsida. Men som storeigar i SFE (Sogn og Fjordane Energiverk) får fylkeskommunen også fordelar på eigarsida.

Vera med på

SFE eig 35 prosent av Leirdøla kraftverk, som med

Statkraft si planlangde utviding av Tunsbergdalsdamen, vil gje 135 GWh meirkraft frå denne kjelda. Selskapet kan, om SFE-styret og fylkesutvalet ynskjer det, vera med på denne utvidinga.

Mellomliggande

Ut frå rådmann Tore Eriksen i Luster si saksutgreiing går det fram at den kraftproduserande kommunen klarer nyttiggjera seg mindre enn 90 av 230 GWh tilgjengeleg konsesjonskraft. Det mellomliggande tek

fylkeskommunen seg automatisk av.

Ei utbyggjing i det omfanget Statkraft har konsesjonssøkt på vestsida i Jostedalen vil gje fylkeskommunen ytterlegare 7,5 GWh, såleis omlag 150 GWh til saman berre frå Luster.

Terje Eggum
terje.eggum@sognavis.no

– Inntektene ikkje vår rolle

LEIKANGER: Fylkeskommunen sine økonomiske interesser i Vestsiddeelvane blei ikkje nemnde då fylkesutvalet handsama høyringsfråsegna sist torsdag.

– Det er heller ikkje vår rolle, seier fylkesvaraordførar Jenny Følling.

Ikkje problem

Fylkeskommunen som forvaltningsnivå er høyringsinstans i saker som gjeld kraftutbyggjing, slik er det om den same fylkeskommunen har økonomiske interesser i utbyggjinga eller ikkje.

– Blir det eit problem?

– Nei, det er ikkje problematisk å gje uttalar av dette slaget, seier Jenny Følling, og viser til fylkesutvalet si rolle som part i høyringa.

SFE-styret

Inhabilitet som problemstilling oppstår først om ein politikar i fylkesutvalet samstundes også er ein politikar med styreplass i SFE.

– Det er slike forhold me må vera merksame på, seier Jenny Følling, som ikkje ser Jostedalen som spesielt konfliktfylt i utbyggjingssamanheng.

Grøn og gul

– Denne delen av Jostedalen har fått fargen grøn og gul og har såleis låg kon-

fliktgrad i samband med småkraftutbyggjing, seier Jenny Følling, og referer til fylkesplanen for kraft. Ho meiner at Statkraft sine planar heller ikkje er eit trugsmål mot landskapskjensla.

– Me meiner også at dette skjer i eit område som alt har omfattande kraftutbyggjing, såleis er det ikkje spesielt konfliktfylt, seier Jenny Følling.

Mykje å seia

Fylkesvaraordføraren seier at fylkespolitikarane også skjelar til Luster si eiga meining om planane for Vestsida. – Me ser kva vertskommunen meiner om denne utbyggjinga, det har mykje å seia for oss, seier Jenny Følling.